



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6806 - 23/58393

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
12.07.2023

Oversender presisering av vedtak til klagevurdering - gbnr 318/34 Sagstad øvre

Saksopplysningar

Administrativt saknr. 1122/22
Tiltak: planering og oppføring av mur
Søknadstype: Dispensasjon og søknad om tiltak
Eigedom: gbnr 318/34
Adresse: Sagstadvegen 111, 5919 Frekhaug
Tiltakshavar/eigar: Thor Magne Strand og Solveig Hopland Strand
Klagar: Tiltakshavar v/ansvarleg søkjar Jens Bjordal
Tilsvartil klage frå nabo: gbnr 318/35 - Unni Helene Lund
Tilsvartil klage frå nabo: gbnr 318/36 - Geir Christian Helgesen

Saka gjeld

Førespurnad om presisering av Utval for areal, plan og miljø (APM) sitt vedtak av 26.04.2023 med saknr. 053/23, om dispensasjon og løyve til planering og støttemur i høve gang - og sykkelveg, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 07.06.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 078/23 Vedtak:

Setningen " Det må også bemerkast at gang og sykkeltilgang vil vere oppretthalde langs den omsøkte støttemuren." var ein observasjon på synfaringa. APM har ikke satt det som eit vilkår eller krav for sitt vedtak.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Vedtaket av 07.06.2023 med saknr. 078/23 er eit nytt enkeltvedtak med klagerett.

Det er mottatt klage på vedtaket av 26.04.2023 med saknr. 053/23 frå nabo Geir Helgesen og nabo Unni Helene Lund. Partane, som har klaga på vedtaket av 26.04.2023, har sin klage i behald og kan også klage på det nye enkeltvedtaket, datert 07.06.2023 med saknr. 078/23.

Utval for areal, plan og miljø (APM) i Alver kommune sitt vedtak av 26.04.2023:

«APM- 053/23 Vedtak:

Klagen frå tiltakshaver i sak 22/6806 med saknr. 1122/22, datert 02.11.2022 vert teke til følgje.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense for planering og oppføring av mur og innstilling til dispensasjon for arealføremål felles avkjørsle - FA4.

Grunngjeving for vedtaket:

Hensynet bak regulert byggegrense vert ikkje vesentleg sett til side. Br.nr. 36 vil ha tilgang til veg frå sørvest på eigen tomt. Br.n. 35 vil ha tilgang til veg via nordvestleg side av eigen tomt. Det må også bemerkast at gang og sykkeltilgang vil vere oppretthalde langs den omsøkte støttemuren. Utval for areal, plan og miljø meiner at fordelane med dispensasjon er klart større enn ulempene. Muren har ein estetisk bra utsjånad. Vidare er det urimeleg at tiltakshavar skal stille tomteareal tilgjengeleg slik planen legg opp til når dei to naboane som har vegrett kan etablere veg inn på tomten på eige areal. Slike innkjørsler vil ikkje vere til ulempe verken med tanke på trafikkikkerheit eller praktisk bruk. Det er vidare lite sannsynleg at veg ihht. eksisterande plan vil bli godkjent ift. nye retningslinjer.

Utvalget er positiv til at det vert gjeve dispensasjon for omsøkt tiltak i høve arealformålet i reguleringsplanen.”

Vedtaket av 07.06.2023 med saknr. 078/23 vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førespurnad om presisering av APM sitt vedtak om dispensasjon og løyve til planering og støttemur i høve gang - og sykkelveg - 318/34 Sagstad øvre
Merknad til utvalet sitt vedtak - gbnr 318/34 Sagstad øvre
Klage på avslag på søknad om dispensasjon og tiltak for planering og støttemur - 318/34 Sagstad øvre
Klage på adm. vedtak i sak 112222 Side 1.
Avslag på søknad om støttemur og planering - gbnr 318/34 Sagstad øvre
Merknad til eigar av bnr. 35 sine merknader til tiltaka
Signert tilbakemelding til Alver kommune om saksgang vedk disp.søknad gnr. 318 bnr. 34
Avklaring av vidare saksgang - gbnr 318/34 Sagstad øvre
Ekstern rettleiar om endring av plan gjennom forenkla prosess_29.9.2022
Merknad til byggesak - gbnr 318/34 Sagstad øvre
Tilsvaer til nabovarsel fra gbnr 318/34 Sagstad øvre
Søknad om byggjeløyve . Side 1
Søknad om byggjeløyve Side 2
Søknad om dispensasjon m.m.
5155n-opplysningar-gjeve-i-nabovarsel-2020 (1) utfyllt
Opplysningar gjeve i nabovarslet. Vedlegg C 1
Kvitteing for sendt nabovarsel. vedlegg C 2
Situasjoskart. Vedlegg D 1
Reguleringskart. Vedlegg D2
Opplysningar om tiltakets ytre rammer -utfyllt
Flyfoto av planering og støttemur. Vedlegg E 2
Foto av oppført støttemur og planering. Vedlegg E 1
Uttale til klage på avslag - gbnr 318/34 Sagstad øvre
Plankart reguleringsplan for Solhaug
Føresegner reguleringsplan for Solhaug
Klage på vedtak på oppsatt støttemur på gbnr 318/34 Sagstad øvre

Kopi til:

Geir Christian Helgesen	Paktarmyrhaugen 4	5918	FREKHAUG
Geir Christian Helgesen	Paktarmyrhaugen 4	5918	FREKHAUG
Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG
Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG
Thor Magne Strand	Sagstadvegen 111	5919	FREKHAUG
Thor Magne Strand	Sagstadvegen 111	5919	FREKHAUG
Unni Helene Lund	Myrdalsvegen 8m	5130	NYBORG
Unni Helene Lund	Myrdalsvegen 8m	5130	NYBORG

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------